

Møtebok fjellstyresakene 01-08 2021

Sak nr.:	01/2021	Arkiv nr.:		Møtedato:	15.02.21
Saksbehandlar:	Magny Hilde				

Referat og meldingar..

- A. 210105 Kopi av brev frå Statskog SF - tillatelse til uttak av grus ved Netosetrene
- B. 201222 Kopi av brev frå Lom kommune - tillatelse til motorferdsel Sognefjellset sommarskiserter
- C. 210127 Brev frå Miljødir – Mulig endring av tjenestekjøp 2021.
 - Tjenestekjøpsavtale med SNO. Bestandregistrering jerv.
 - Tjenestekjøpsavtale SNO - signert kontrakt, motorferdsel
- D. 2021 E-post korrespondanse med Lom kommune. Motorferdsel på Osvegen Smørlivegen vinterstid
- E. 210115 Avtale om grunneigars løyve til lisensfelling og kvotejakt
- F. 210127 E-post frå Villreinnemda. Resultat minimumsteljing. 210130
FlyruteFlokkanvisning
- G. 210204 Jotunheimen NP - Dispensasjon - Tilslutnad til NVEs godkjenning av detaljplan for landskap og miljø - Memurubu Kraftverk - Kjetil Sveine - Kleppconsult AS. NVE - 05-01-2021 - Godkjenning av detaljplan for landskap og miljø - Memurubu kraftverk
- H. 210205 Kopi av brev frå Lom kommune. Løyve til motorferdsel i utmark - transport av ved til hytte på Bøverkinnhalsen
- I. 210121 Melding frå Eidefoss om straum ved Bøvertjønnen.
- J. 210126 Brev frå Lom tamreinlag – hamneleige 2020
- K. 2021 Revidert samarbeidsavtale for fiskekort Jotunheimen

Sak nr.:	02/2020	Arkiv nr.:	335.2	Møtedato:	15.02.2021
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Søknad om endring av tomt og utviding av feste for seterhus på setra til Sygard Aukrust på Bøverkinnhalsen, feste nr. 155-1-243 .

Sakspapir:

- Sak 25/2020 i Lom fjellstyre
- E-post frå Synnøve Aukrust og Erik Visdal 27. november 2020 med søknad om endring av tomt for seterhus.
- E-post frå Statskog SF 15. januar 2021. Uttale til søknad om endring av tomt.

Saksutgreiing:

Fjellstyret gav i sak 25/2020 løyve til å restaurere og flytte seterhuset på setra til Sygard Aukrust på Bøverkinnhalsen. Med søknad motteke 27. november 2020 har Synnøve Aukrust og Erik Visdal søkt om å endre plasseringa av tomta slik den fyrst var omsøkt. I søknaden skriv dei:

Vi viser til søknad om flytting av seterhus dagsett 13.07.20 og vedtak frå Lom fjellstyre 21.09.20 om flytting og restaurering av seterhuset på setra til Sygard Aukrust, 155-1-243.

I etterkant av vedtaket i fjellstyret var vi oppå setra saman med snekkeren, Nils Teigen, for å måle opp tomta før søknad til kommunen. Sidan huset er planlagt fløtt ned i terrenget vart konklusjonen at ein må ein ha ein mur som er om lag 1,8 meter høg i utkant (sør) for å harmonere med fjoset. Dette synest noko høgt og vi er redd den vil bli vel dominerande. I tillegg vil huset fortsatt ligge relativt tett mot fjoset som ligg litt lenger sør.

Vi var derfor oppom og såg på tomta der det gamle fjoset sto. Dette er om lag 12,5 meter nord frå nordenden av seterhuset og 13,5 meter ovanfor setervegen, sjå vedlagt kart. Fjoset er reve for lenge sidan (rundt 1965?), men den gamle muren står der. Denne tomta er stor nok til å ha plass til seterhuset slik det er planlagt bortsett frå at ein må utvide med om lag 60 cm innover i terrenget. På denne tomta treng ein ikkje bygge ein høg mur. Burtsett frå flytting av tomt er planane for huset det same som på førre søknad. Det var grove ein gangstig opp til fjoset som vi eventuelt ynskjer å oppgradere/restaurere. Sjå elles vedlagte bilde som syner det gamle fjoset samt bilde frå tomta frå i haust.

Vi søkjer med dette om å få flytte seterhuset til denne tomta.

Søknaden har vore sendt Statskog SF for uttale. Statskog SF har med e-post 15. januar sagt at dei ikkje har merknader til tiltaket, men at dei tek forbehold om at kulturminnesstyresmaktene ikkje har vesentlege merknader og at Lom kommune godkjenner tiltaket. Om fjellstyret godkjenner tiltaket vil Statskog rekvirere oppmåling av Lom kommune. Søkar må sjølv koste utlegg i forbindelse med rekvisisjon.

Saka var sendt kulturminnesstyresmaktene for uttale 3. desember. Det har ikkje kome merknader frå dei.

Opplysningar og merknader:

Fjellstyret gav i sak 25/2020, med heimel i §10 i seterforskrifta, løyve til å flytte og restaurere seterhuset slik som det var omsøkt. Det er nå søkt om å endre plasseringa og flytte seterhuset utanfor det eksisterande seterfestet. Fjellstyret må difor behandle søknaden etter §6 i seterforskrifta som seier at:

«Jordbrukar med beiterett i statsallmenning som godtgjer at det trengst seter til drift av eigedomen, kan få utvist seter anten aleine eller saman med andre jordbrukarar, jf. § 18 første ledd og § 21 andre ledd i fjellova. Dette gjeld òg for utviding av seter.

Det er eit krav at behovet for seter blir dokumentert. Dette kan til dømes gjerast ved å leggje fram ei driftsplan».

Setra blir i dag nytta til beite for kviger og sinkkyr på starten og slutten av beitesesongen. Det er ikkje skissert planer om nokon endring av bruken i nær framtid.

Når fjellstyret skal gje løyve til å vise ut ny, eller utvide eksisterande seter, er det stilt strengare vilkår til bruk enn det som blir kravd for å halde setra i hevd. Tidlegare var det eit krav om at det skulle være mjølkeproduksjon. I rundskriv M-1/2016 legg departemanget nå til grunn at fjellstyret må kunne utvise seter til formål som går utover mjølkeproduksjon. Eksempel som er framheva er det kan vere beiting av unglyr, kyr for kjøttproduksjon eller

ammekyr. Det vert vidare sagt at søkjaren sine planer skal innebere dyrehald i allmenningen sommarstid, og at nokon jamleg er til stades på setra denne tida.

I dette tilfellet er det spørsmål om ei mindre utviding av eksisterande seter, som er grunngeve med at arealet innanfor det eksisterande festet ikkje er eigna som tomt for seterhuset. Sygard Aukrust hadde fram til om lag 1965 ståande eit fjøs på same arealet som det nå er søkt om å flytte seterhuset til. Søkaren har munnleg gjeve beskjed om at dei ikkje ynskjer å sette opp gjerde, og har heller ikkje er spesifisert noko definert areal utover størrelsen på bygninga.

Ved eit eventuelt løyve er det naturleg at det ved grensejustering/utvisningsforretning blir definert og avgrensa eit areal rundt tomta. Dette arealet må ikkje kome i konflikt med vegen som går imellom eksisterande seterfeste og omsøkt ny tomt. Vegen er tilkomstveg for eit avgiftsfritt feste og to fritidshytter. Når det gjeld restaurering og oppgradering av vegen opp til seterhuset så bør dette gjerast så skånsamt som råd, med minimale skjeringar og endringar i terrenget.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret gjev med heimel i §6 i forskrift om seter og tilleggsjord m.m. i statsallmenningane Sygard Aukrust, gnr. 61, bnr. 3, løyve til å utvide seter med feste nr. 155-1-243. Arealet skal avgrensast til 0,5 dekar og knytast til ny plassering av seterhuset.

Fjellstyret gjev samstundes med heimel i §10 i forskrift om seter og tilleggsjord m.m. i statsallmenningane Sygard Aukrust, gnr. 61, bnr. 3, løyve til å flytte og restaurere seterhuset på festenummer 155-1-243 som omsøkt. Oppgradering og restaurering av eksisterande veg må skje så skånsamt som råd.

Fjellstyret grunngeve vedtaket med at setra er i bruk og at det er behov for husvære knytt til bruken av setra. Eksisterande plassering av seterhuset er uegna og at det er mest formålstenleg å flytte seterhuset til den gamle fjøstomta slik som omsøkt. Seterhuset vil gli betre inn i landskapet, det er mindre behov for terrenginngrep og ein kjem ikkje i konflikt med dyrka mark.

Fjellstyret tek atterhald om at Lom kommune godkjenner tiltaket.

Vedtak:

Som framlegget.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Statskog SF – som e-post.
- Synnøve Aukrust – som e-post.
- Lom kommune – som e-post.

Sak nr.:	03/2021	Arkiv nr.:	642.1	Møtedato:	15.02.2021
Saksbehandlar:	Magny Hilde				

Justering av fiskekortprisane.

Sakspapir:

- Fjellogen
- Forslag til forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning. 2021.
- Prisutvikling fiskekort i statsallmenningane i Lom 2009-2021

Saksutgreiing:

I forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning står det om formål, §1:
Vilt og fisk i statsallmenning skal forvaltes slik at hensynet til naturmangfoldet ivaretas. Innenfor denne ramme skal ressursen utvikles med sikte på å ivareta rettigheter etter fjellogen, fremme det lokale næringslivet og sikre allmennhetens adgang til jakt, fiske og friluftsliv. Forskriften skal sikre at all jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning skal tilbys på en måte som er akseptabel for allmennheten.

Fiskekortprisane i statsallmenningane i Lom vart sist justert i sak 40/2017, gjeldande frå sesongen 2018. For å unngå store prishopp, bør det ikkje gå for mange år mellom kvar prisjustering. Det vil vere rimeleg å justere prisen i år med konsumprisutviklinga siste tre år, 6,5 %. Dette er ein forsiktig prisauke på ein ressurs som gjerne kan bli utnytta meir.

Miljødirektoratet fastset nye prisrammer for fiske, småviltjakt og villreinjakt i statsallmenning. Forslag til ny prisramme blir gjeldande i ein 5-års periode frå mars 2021, og ser slik ut:

Dagskort/døgnkort Kr 110,- /190

Ukekort Kr 390,- / 560

Sesongkort Kr 790,- /1090

Prisen for fiske med garn og oter, og fiskekort for personer som ikke er bosatt i Norge, kan settes til inntil tre ganger prisrammen.

Det skal være lik pris for innen- og utenbygdsboende.

Det er eit krav at fjellstyret tilbyr døgn-, veker- og sesongkort, men fjellstyret står fritt til å tilby 2- og/eller 3 døgnkort. Fjellstyret kan tilby familiekort, særskilte kortordningar for ungdom mellom 16 og 20 år, personar over 67 år og for grupper.

Forslag til vedtak:

Lom fjellstyre vedtek desse prisane for fiske i Vårdalen, Visdalen og Leir- og Bøverdalen statsallmenning gjort gjeldande frå den 1.4.2021:

Korttype	Stongkort		Stong-/oterkort		Kort for fast.reiskap	
	Enkeltkort	Fam.kort	Enkeltkort	Fam.kort	Enkeltkort	Fam.kort
1-døgn	85	135	105		105	
3-døgn	170	245	190		190	
Veke	275	385	375		375	
Sesong	425	530	530	700	530	700

Vedtak:

Som framlegget.
Samrøystes.

Utskrift går til:

- Viltutvalet i Lom kommune – til orientering
- Lom jeger- og fiskerforening v/Jørgen Vole – til orientering

Sak nr.:	04/2021	Arkiv nr.:	621.1	Møtedato:	15.02.2021
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Storviltjakt ved Gjende. Arealfordeling og tildeling av jakta.

Sakspapir:

- E-post frå Vågå fjellstyre 17. desember 2021. Sak 29/20 i Vågå fjellstyre – Hjortejakt ved Gjende.
- Historiske dokument. Gjendefeltet.
- E-post frå Asbjørn Hansen 12. februar. Merknader til sak vedrørende Jakt ved Gjende
- E-post frå Arve Vole 10. februar. Merknader til sak vedrørende jakt ved Gjende

Saksutgreiing:

Vågå fjellstyre har med e-post sendt 17. desember orientert om at dei i sak 29/20 har vurdert avtala med Lom fjellstyre om felles jaktområde ved Gjende i Jotunheimen Nasjonalpark og fatta slik vedtak:

For jakt på elg og hjort ved Gjende i Jotunheimen nasjonalpark, så meiner fjellstyret at med dagens hjortebestand ved Gjende, så bør det vidareførast eit tilbod om hjortejakt her. Fjellstyret meiner det pr. i dag ikkje er stor nok elgbestand til å opne for jakt att.

Fjellstyret meiner at det teljande arealet som vart revidert sist gong i 1991 da det var elgjakt i Gjendeområdet, ikkje er dekkjande for arealbruken til hjortebestanden der i dag. Fjellstyret meiner det difor må takast ein ny gjennomgang av det teljande arealet, som da blir grunnlag for ei eventuell ny vurdering av fordeling av jakta og inntektene. Eit alternativ er å behalde dagens teljande areal, men at det blir ei 50/50-deling på fordeling av hjortejakt og inntekter. Eit tredje alternativ som fjellstyret håpar ikkje blir aktuelt å måtte vurdere, er å avslutte samarbeidet om felles jaktområde, slik at fjellstyra har kvart sitt opplegg for hjortejakt på «sin» grunn.

Inntil det blir ei avklaring på fordeling ang. hjortejakta, tykkjer fjellstyret det er greitt at dagens fordeling av jakta blir vidareført inntil vidare, og at det da for 2021 er jaktlag frå Vågå sin tur.

Opplysninger og merknader:

Vågå fjellstyre og Lom fjellstyre har sidan 1983 samarbeidt om felles areal for storviltjakt ved Gjende i Jotunheimen Nasjonalpark. Fram mot årtusenskiftet var bestanden av elg minkande, og i 2003 vart det ikkje tildelt fellingsløyve. Opphaldet heldt fram til 2019, da det vart opna for jakt etter hjort. I samband med at Vågå fjellstyre nå ynskjer ei endring av

samarbeidsavtala, kan det være greitt å samanfatte historikken knytt til jaktutøvinga på Gjendefeltet.

Før 1980 var arealet på Lom si side medrekna i jaktfeltet Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Når Jotunheimen Nasjonalpark vart oppretta vart elgjakt innanfor nasjonalparken forbode. Med bakgrunn i høg tettheit av elg fremja fjelloppsynet i Lom Jørgen Vassdokken, i samråd med fjelloppsynet i Vågå, i 1981 forslag om å opprette og søke om løyve til å jakte elg på eit felles jaktområde innanfor nasjonalparken. Etter lengre sakshandsaming frå fjellstyra, kommunane, Gudbrandsdalen skogforvaltning og miljøverndepartementet vart det gjeve løyve til å opne for jakt. Etter synfaring med fjellstyra, viltnemndene i kommunane og viltforvaltaren sjå fylkesmannen vart det bestemt at grensa for jaktfeltet på nordsida av Gjende skulle gå på kommunegrensa mellom Lom og Vågå og at jaktfeltgrensa på sørsida av Gjende skulle gå ved Svarva. Med bakgrunn i dette kartla og stadfesta viltkonsulenten sjå fylkesmannen teljande areal for jaktfeltet. Bjørkeskog og Vierareal gav til saman eit teljande areal på 6675da, med 66% hjå Lom og 34% hjå Vågå. Frå 1983 og fram til 1993 var det innanbygds jaktlag frå Lom som hadde føretrinn og fekk tildelt jakta. Bjørkeskogarealet vart lagt til grunn for fordeling av inntektene mellom fjellstyrene, med 57,5% til Lom og 42,5% til Vågå.

I 1991 gjekk hovudutvalet for natur- og miljøforvaltning igjennom teljande storviltareal for alle valda i Lom. Jaktfeltet i Jotunheimen Nasjonalpark fekk etter dette eit teljande areal på 10100 da, med ei fordeling på 2900da til Vågå, og 7200da til Lom, eller 29 og 71 prosentdelar.

Vågå fjellstyre fekk etter kvart eit visst påtrykk frå innanbygds i Vågå for å få høve til å jakte på Gjendefeltet. I sak 23/92 drøfta dei dette og la fram forslag om rullering for kvart år. Lom fjellstyre avlo forslaget i sak 21/92 og meinte at jaktordninga burde halde fram slik den har vore før. Trass i dette, og utan at ei ny avtale var på plass, vart jakta i 1992 tildelt innanbygds lag frå Vågå. Lom kravde at tildelinga måtte annullerast, men Statsskog som administrerte tildelinga hevda at saka hadde kome for langt, men at dei ynskte å ta initiativ til ei drøfting av ordninga i løpet av hausten 1992.

18. september 1992 vart det halde ei synfaring med etterfylgjande møte på Gjendebu, der representantart for fjellstyrene og viltnemndene i begge kommunane, samt Espen Bø frå forvaltninga møtte. Det vart semje om framleis felles jaktområde, men ikkje teke avgjerd i spørsmål om fordeling. Etter påtrykk frå forvaltninga og viltmyndigheitene vart det etter handsaming i sak 25/93 i Lom Fjellstyre og sak 44/93 i Vågå fjellstyre semje om slik avtale:

- 1. Rullering av jakta mellom lag frå Lom og Vågå, slik at Lom jaktar to år, Vågå eit år o.s.v., og at Lom står for tur dei to fyrste åra, i 93 og 94.*
- 2. Fordelinga av inntektene kvart år skjer etter denne fordelingsnøkkelen: 1/3 til Vågå og 2/3 til Lom*
- 3. Oppsynet og kontakta med jaktlaget ligg til fjellstyret i den kommunen der jaktlaget kjem frå.*

Med brev 10. februar 1994 tok Statsskog til orde for at jaktfeltet burde innlemmast i eit viltområda anten i Lom eller Vågå. Etter møte mellom hovudutvalsmedlemmar og miljøvernrådgevaren i Lom kommune, naturforvaltningsnemnda i Vågå kommune, og fjellstyra i Lom og Vågå kommune vart det den 14. juni 1994 semje om å innlemme

Gjendefeltet i Bøverdalen viltområde. Styret i Bøverdalen viltområde vedtok i sak 4/94 å tilføye Jotunheimen Nasjonalpark som nytt jaktfelt, med eit areal på 10100da.

Avtala om fordeling som det vart semje om i 1993, og jaktfeltet sitt medlemskap i Bøverdalen viltområde, har vore uendra fram til dags dato. Når det gjeld jaktutøvinga vart det utover 90 talet opna for å jakte på ein større del av Vågå sin grunn, m.a. fram til og med Leirungsåa på sørsida, og frå Memurubu og til nasjonalparkgrensa på nordsida av Gjende. Dette har ikkje vore formelt vedteke som ei utviding av jaktfeltet hjå viltmyndigheitene i kommunane, i Bøverdalen viltområde eller vore lagt til grunn ved avtalefestinga mellom fjellstyra. I sak 23/92 i Vågå fjellstyre vart det m.a. sagt at *«arealet i Vågå som inngår i elgvaldet er på sørsida av Gjende frå Svarva og vestover til Lomsgrensa.»* Det kan såleis sjå ut som Vågå fjellstyre ved eit høve opna for at jegerane på Gjendefeltet kunne få lov til å jakte på dessa områda, sjølv om det formelt sett ikkje var ein del av jaktfeltet, ein del av Bøverdalen viltområde eller areal som låg til grunn for fordeling av jakt og inntekter i mellom fjellstyra.

I saksutgreiinga frå Vågå fjellstyre er det peikt på at dei meiner at hjorten nyttar arealet frå Svarva og austover mot Leirungsdalen, likeins frå Memurubu og austover til nasjonalparkgrensa, og at dette må vurderast som ein del av det teljande arealet til jaktfeltet. Dette arealet er som synt til tidlegare formelt ikkje ein del av jaktfeltet eller viltområdet. Dette forslaget inneber difor at Lom fjellstyre må ta stilling til om det er ynskjeleg å endre grensene og utvide jaktfeltet. Ei slik utviding og innlemming av nytt areal krev i tilfelle eit vedtak/godkjenning frå Bøverdalen viltområde og godkjenning frå kommunen. Dersom ein vel å legge til dette arealet, er det naturleg at teljande areal må stadfestast på nytt og leggst til grunn for tildeling og fordeling. Tilføyning av arealet kan gje Vågå kommune ansvaret for forvaltninga, da det etter §17 i hjorteviltforskrifta er den kommunen med størst del teljande areal som får tillagt godkjennings- og forvaltingsansvar.

I saksutgreiinga til Vågå fjellstyre er det hevda at *«Tilhald av hjort (og elg) er pr. i dag langt mindre på nordsida enn på sørsida av Gjende»*. Dette blir ein subjektiv påstand, og utan ei systematisk registrering kan dette vanskeleg til leggst vekt. Fjelloppsynet i Lom har jamlege observasjonar og sporteikn av hjort på Lom sitt areal gjennom heile året, samstundes er det observert betydeleg trafikk mellom Leirdalen/Gravdalen og Gjendeområdet vår og haust. Det er størrelsen på det teljande arealet som blir lagt til grunn ved tildeling av tal fellingsløyver, og det er difor naturleg å legge det til grunn ved fordeling av inntekter og tildeling av jakt.

Når det gjeld teljande areal innanfor gjeldande jaktfeltgrenser, vart dette revidert av Lom kommune i 1991, som synt til på kartkopi i sakspapira. Det er kommunen med forvaltningsansvar for jaktfeltet som skal kartlegge og stadfeste teljande areal, jf. forskrift om hjortevilt. For elg, hjort og rådyr skal det som hovudregel regnast skogareal og myr under skogrensa. I tillegg kan areal som jamleg blir nytta av vedkomande art, søkast medteke som teljande areal. Dette kan til dømes vere vierareal. Dersom jaktrettshavrane meiner at det teljande arealet skal reviderast, må dette gjerast med søknad til- og etter godkjenning av kommunen.

Frå kommunen si side er det antyda at oppmålinga i 1991 var romsleg, og at ein ved revisjon av teljande areal kan rekne med ein reduksjon på opp mot 50%. Ein slik reduksjon vil få konsekvensar for tildeling av løyver, særskilt om det blir aktuelt med elgjakt her att. I dag er minstearealet for elg i Bøverdalen viltområde på 5000da.

Dersom fjellstyrene ikkje blir samde om ny avtale, er alternativet og søke kommunen og viltområdet om å legge Lom sin del av arealet til eit av felta i Visdalen, Leir- og Bøverdalen statsallmenning, eller søke om å opprette eit eiga jaktfelt. Lom sitt teljande areal er 7100da, og såleis stort nok til å oppfylle minstearealskravet for elg og hjort. I dag er ikkje bestanden av elg høg nok til at ein bør tilrå jakt, men dette kan endre seg.

Fram til ein får ei avklaring om jaktfeltet bør ein kunne halde fram med gjeldande avtale. Når det gjeld påstanden om at jaktlag frå Vågå står for tur i 2021 så syner eg til at Vågå har fått tildelt jakta to av dei tre siste åra (2002 og 2019) og til vedtak i sak 11/98 i Lom fjellstyre der spørsmål om omfordeling av jakta og konsekvensar for tildeling vart handsama:

«Omfordelinga av jakta bør få konsekvensar for rulleringa, slik at det i 1998 blir Lom som står for tur til å få jakta att. Rulleringa må justerast slik at det på sikt blir det høvestalet det er semje om, to år til Lom og eitt til Vågå.»

I og med at Vågå fekk tildelt jakta i 2019, er det difor Lom som må stå for tur i 2021.

Saka har vore varsla på heimesidene til fjellstyret. Før møtet kom det inn skriftlege merknader frå Arve Vole og Asbjørn Hansen. Desse ligg vedlagt som sakspapir og vert framlagt på møtet. I tillegg er det gjeve munnleg melding frå styret i Lom jeger- og fiskarforeining om at dei går imot ei endring av gjeldande avtale, at ein må halde fram slik som i dag eller i tilfelle heller vurdere å avslutte samarbeidet om felles jaktfelt.

Framlegg til vedtak:

Lom fjellstyre vil ikkje gå med på ei endring av grensene til jaktfeltet. Fjellstyret grunngjev dette med at avgrensinga var nøye vurdert av fjellstyra, kommunane og fylke i samband med oppretting av jaktfeltet, og at det er meir naturleg at områda øst for Memurubu og øst for Svarva i tilfelle soknar til jaktfelt og viltområde i Sjødalen.

Fjellstyret meiner at teljande areal for jaktfeltet må leggest til grunn for fordeling av inntekter og tildeling av jakt, og at registreringa av teljande areal utført i 1991 er dekkjande for jaktfeltet. Det er lite truleg at ei ny oppmåling vil gje vesentlege endringar i den prosentvise arealfordelinga mellom fjellstyra og det er samstundes uheldig om ein får ein reduksjon i teljande areal slik som det er førespøgl frå kommunen.

Dersom Vågå fjellstyre meiner at oppmålinga av teljande areal frå 1991 ikkje lenger er dekkjande, så er Lom fjellstyre villige til å stille i eit møte for å diskutere saka.

Fram til ein får ei avklaring i saka må gjeldande avtale leggest til grunn. For å få rett høvestal i tildelinga imellom Lom og Vågå, må det vera jaktlag frå Lom som skal stå for tur i 2021.

Vedtak:

Som framlegget. Samrøystes.

Utskrift går til:

- Vågå Fjellstyre som e-post
- Lom JFF – som e-post
- Asbjørn Hansen – som e-post
- Arve Vole – som e-post

Sak nr.:	05/2021	Arkiv nr.:	254	Møtedato:	15.02.2021
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Internkontrollsystem for helse, miljø og sikkerheit – Lom Fjellstyre

Sakspapir:

- Forslag til regelverk for helse, miljø og sikkerheit - Internkontrollsystem og instruksar.

Saksutgreiing:

Internkontrollforskrifta pålegg at alle virksomheiter skal arbeide systematisk og ha rutinar for tilrettelegging og forbetring av helse, miljø og sikkerhet (HMS) på arbeidsplassen. Gjeldande rutiner for HMS arbeid i Lom fjellstyre vart vedteke i sak 70/2006.

Med eit ynskje om å utvikle og forbetre HMS arbeidet har administrasjonen revidert internkontrollsystemet til verksemda. I samband med dette blir internkontrollsystemet digitalisert og vi tek i bruk det nettbaserte verktøyet «Sticos Personal». HMS-modulen i Sticos gjer det enklare å få oversikt, overhalde og fylgje opp dei ulike krava innanfor HMS-området. Systemet vil bli nytta til avviksregistrering- og håndtering, kartlegging- og risikovurdering, handlingsplan, rapportar, stoffkartotek m.m.

I samband med revideringa er det gjort nye risikovurderingar, det er det gjort endringar i gjeldande regelverk og lagt til nye instruksar. Fylgjande regelverk blir foreslege gjeldande for Lom Fjellstyre si verksemd:

- 00-Internkontrollsystemet for Lom Fjellstyre
- 01-Hovedinstruks for feltarbeid
- 02-Instruks ved savnet-melding
- 03-Instruks for personlig sikringsutstyr
- 04-Instruks for bruk av snøscooter
- 05-Instruks for bruk av båt/gummibåt
- 06-Instruks for bruk av motorsag
- 07-Instruks for bruk av elektrisk verktøy
- 08-Instruks for bruk, transport og oppbevaring av våpen
- 09-Instruks for arbeid i stiger og på tak
- 10-Instruks for kontorarbeid
- 11-Instruks for brannvern
- 12-Instruks for tilsyn og vedlikehold av fjellstyrehyttene
- 13-Instruks for utleige av båtar
- 14-Instruks for smitteverntiltak
- 15-Instruks for bruk av kjemikalier

Framlegg til vedtak:

Lom fjellstyre godkjenner instruksane 00-15 og administrasjonen sitt forslag til internkontrollsystem for helse, miljø og sikkerheit.

Vedtak:

Som framlegget. Samrøystes.

Sak nr.:	6/2020	Arkiv nr.:	335.2	Møtedato:	15.02.2020
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Leir- og Bøverdalen statsallmenning. Søknad om tilbygg til seterhus på setra til Øvre Tråstad, feste nr. 155/1/187.

Sakspapir:

- E-post frå Nordplan v/ Live Melhus 8. desember 2020. Søknad med vedlegg. Tilbygg på seterhus.
- E-post frå Nordplan v/Live Melhus 12. desember 2020. Utfyllande informasjon vedrørande bruk av setra.

Saksutgreiing:

Med søknad dagsett 8. desember søkjer Nordpan AS, på vegne av Lars Petter og Brit Oline Forberg, om løyve til eit mindre tilbygg til seterhuset på feste nr. 155/1/187, på setra som tilhøyrar Øvre Tråstad gnr.45, bnr 1.

Av søknaden går det fram at seterhuset er oppført på 1940 talet i enkel lafteplank med ein mindre sval/inngangsparti. Det er ynskje om å rive eksisterande sval og erstatte denne med eit tilbygg som vidarefører den eksisterande takhøgde på seterhuset. Tilbygget er planlagt med ei utviding ein meter austover og breidda med til saman ein meter sidevegs slik at det får same breidde som resten av seterhuset. Det er samstundes planlagt ei terrasse på 9,2m² med delvis takoverbygg, og eit takoverbygg over inngangen. I samband med tilbygget er det ynskjeleg med noko mindre arronderingar av terrenget rundt huset.

Søknaden om tilbygg blir grunngeve med at det er for liten plass og for dårleg takhøgde i eksisterande sval. Dei ynskjer betre plass og takhøgde for ein kjøkenkrok og betre plass for lagring av klede og sko i tilknytning til inngangen.

I søknaden er det opplyst at setra ikkje er i aktiv bruk i dag, men at seterkvea vert nytta til beitemark. Etter spørsmål frå sekretæren vart eigerane bede om å presisere om beitinga av seterkvea var av buskap frå eigen gard, eller om den var leigd ut til andre. Med e-post 9. desember stadfestar Nordplan, på vegne av eigerane, at seterkvea blir leigd ut til dei to nærmaste nabosetrane. Vidare presiserer dei at *«garden som setra er utvist til, Øvre Tråstad, Gnr/Bnr 45/1 i Skjåk, framleis er intakt som driftseining, sjølv om jorda i dag er leigd bort til nabogarden. Det er såleis ikkje noko i vegen for at setra i framtida kan nyttast av buskap frå Øvre Tråstad, dersom det skulle bli aktuelt å gjenoppta drift med husdyr her.»*

Opplysninger og merknader:

Etter §9 i forskrift om seter og tilleggsjord m.m. i statsallmenningane (seterforskrifta) skal setervollen bli hausta, anten til eige bruk eller for sal, eller gjerda inn og nytta til beite som ein del av den jordbruksmessige drifta på eigedomen som setra ligg til, for at setra skal kunne seiast å være i bruk. Sidan seterkvea blir leigd ut til andre kan den ikkje definerast til å være i bruk.

Dersom setra over eit samanhengande tidsrom av 20 år ikkje er i bruk som seter, fell retten til oppteken seter bort, jf. 22 i fjellova. I samband med opplysningar frå seteregistreringa i 2014, var det frå eigar opplyst at seterkvea sist vart beita med eigen buskap i 2008. Det er 13 år sidan setra var i bruk av garden den er utvist til, og setra har difor ikkje fulle i det fri.

Søknaden må behandlast etter §11 i seterforskrifta som seier at «*På seter som ikkje er i bruk, men som ikkje er fallen i det fri, kan seterbrukaren halde husa vedlike på ordinært vis. § 10 andre ledd i denne forskrifta gjeld tilsvarande*» I §10 andre ledd, er det sagt at det skal innhentast uttale frå kulturminnemyndigheitene ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø. I rundskriv M-1/2016 er det i kommentarane til §11 sagt at søknader etter 1. ledd skal sendast til fjellstyret, som handsamar dei og sendar dei vidare til Statskog SF, som gjer søkaren kjent med avgjerda.

Tilbygget vil gje ei utviding på 7m², og seterhuset vil få eit areal på 42m². Jamført med eksisterande tilbygg, så er omsøkte meir i tråd med den tradisjonelle byggeskikken og setermiljøet, der seterhusa tradisjonelt er bygd og utvida i lengda.

Når det gjeld utstikk/takoverbygg over inngang, veranda med rekkverk og takoverbygg, så er dette ikkje i tråd med den tradisjonelle byggeskikken. Saka er oversendt kulturminnemyndigheitene for uttale, men grunna redusert kapasitet har dei lang behandlingstid. Kulturminnemyndigheitane har i samband med byggesak på ei naboseter tidlegare uttala at «*Etablering av terrasse/veranda bør unngåast, og særskilt rekkverk.*».

Vedtak:

Fjellstyret vil ikkje gje løyve til ei utviding av seterhuset slik som skissert på dei tilsendte planane og teikningane. Fjellstyret grunnjev dette med at veranda og takoverbygg ikkje er i tråd med den tradisjonelle byggeskikken i området.

Fjellstyret stiller seg positive til at eksisterande sval blir erstatta med eit tilbygg med grunnflate som skissert i søknaden, men med vanleg takutstikk og utan takoverbygg over innganspartiet. Vi ber om at søkjaren legg fram nye teikningar til godkjenning før det kan gjevast endeleg løyve.

Samrøystes.

Utskrift går til:

- Nordplan AS v/ Live Melhus – som e-post
- Statskog SF – som e-post

Sak nr.:	07/2020	Arkiv nr.:	411	Møtedato:	15.02.2020
Saksbehandlar:	Åsmund Galde				

Høyrings sak: "Høydalen landskapsvernområde - skjøtselsplan for heilskapleg kulturlandskap i verneområdet"

Sakspapir:

- E-post frå Breheimen nasjonalparkstyre 14 desember 2021: Høyringsbrev og høyringsdokument – Høydalen landskapsvernområde – skjøtselsplan for heilskapleg kulturlandskap i verneområdet.

Saksutgreiing:

Breheimen nasjonalparkstyre har med bakgrunnen i vedtak om vern av Høydalen landskapsområde ansvar for at det blir utforma ein skjøtselsplan for området. På oppdrag frå Nasjonalparkstyret har Miljøfaglig utredning AS utarbeidd eit utkast til skjøtselsplan som nå blir sendt på høyring.

I høyringsbrevet blir det sagt at «Heilskapleg kulturlandskap og dei kulturavhengige naturtypene er avhengige av tradisjonell drift eller målretta skjøtsel. Målet med skjøtselsplanen er å gje faglege råd om nødvendige tiltak med utgangspunkt i dei biologiske verdiane i området. Det har tidlegare vore gjennomført to synfaringar med grunneigar, setereigarar, beitebrukare og andre.»

Planen er nå sendt på høyring og alle som har interesser i Høydalen er velkomne til å uttale seg. Nasjonalparkstyret ynskjer spesielt tilbakemeldingar på tiltaka som er føreslege i planen, prioriteringane som er føreslege i planen og eventuelle faktafeil i planen.

Det vart arrangert oppstartsmøte kombinert med synfaring i Høydalen 8.8.2018. I september 2020 vart det utført ei ny synfaring i Høydalen saman med setereigarar, fjellstyret og SNO. Under synfaringa var det einigheit om nokre mindre endringar i planen som er innarbeidd i dette utkastet.

Vedtak:

Sekretæren utformar høyringsuttale med bakgrunn i drøftinga på møtet. Samrøystes.

<i>Sak nr.:</i>	08/2020	<i>Arkiv nr.:</i>	612.1	<i>Møtedato:</i>	15.02.2021
<i>Saksbehandler:</i>	Åsmund Galde				

Høyrings sak.

Framlegg til endring av minstearealet for felling hjort i Lom kommune.

Sakspapir:

- Saksprotokoll PS 2021-1 - Lom viltutval 04-02-2021
- Brev av 8. februar 2021 frå Lom kommune.

Saksutgreiing:

Lom viltutval har i sak PS 2021/1 gjort vedtak om å legge framlegg til ny forskrift om minsteareal for elg-, hjort- og rådyrjakt i Lom kommune ut til høyring. I framlegget foreslår dei å endre minsteareal for elg frå 5000 til 4000 dekar og for hjort frå 2000 til 1250 dekar.

Saka vart handsama etter forslag frå Bøverdalen viltområde om å endre minsteareal for elg frå 5000 til 3500dekar og hjort frå 2000 til 1500 dekar. I tillegg etter søknad frå Vårdalen grunneigarlag/ Vårdalen utmarkslag om reduksjon av minsteareal for hjort ned til 1000 dekar.

Framlegg til uttale:

Fjellstyret er samd i at minstearealet for felling av elg vert endra frå 5000 til 4000 dekar, og for hjort frå 2000 til 1250 dekar.

Vedtak:

Som framlegget. Samrøystes.

Utskrift går til:

- Viltutvalet i Lom kommune